

Referat Studieprogramråd for vernepleie

Møtedato: 04.11.22 kl. 10:00 – 12:00 Digitalt møte

Deltakere:

Vigdis Reisæter	fagseksjonsleiar,
Bente Andersen	programkoordinator heiltid Bergen
Ingvild Hollekve	programkoordinator Heiltid Sogndal
Agnes M. Fotland	programkoordinator deltid
Helena Navarsete	studentrepresentant 1. klasse, heiltid Bergen
Ann-Jeanette Sandven	studentrepresentant, deltid kull 18 Sogndal
Solveig Øyehaug Moe	studentrepresentant, 2. klasse campus Sogndal
Lisa Johanne Viola Kallevik	studentrepresentant, deltid kull 2021 campus Haugesund
Beate Kristin Lilleheil	Helse Bergen, eksternt medlem
Siv Aspeseter	Årdal kommune
Silje Haugland	Førstelektor ved Universitetet i Agder, fagfellerepresentant Ingrid Faaberg, administrativ representant og referent

Forfall:

Agnes Fotland
Ann-Jeanette Sandven
Silje Haugland

[Honorarskjema](#) for studenter og eksterne representanter.

Referat frå sist møte [26.3.22](#)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
-----	----------	------------------------	---------	--------

1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennes med evt. kommentarer	Fagseksjonsleder	5 min
Referat: Velkommen til studieprogramråd. Innkalling og sakliste er godkjent.				
2/22 Etablering av Studieprogramråd	Vedlegg: Studieprogramråd - Høgskulen på Vestlandet (hvl.no) Arbeid med kvalitet i utdanningane ved FHS - Høgskulen på Vestlandet (hvl.no)	Nye representanter ønskes velkommen og får en innføring i mandat for studieprogramrådet og Studieprogramrådet etableres	Fagseksjonsleder innleder og orienterer	15 min
Referat: Fagseksjonsleiar går kort gjennom mandatet til studieprogramrådet. Studieprogramrådet skal gi innspel og råd til studiet. Presentasjon av medlem i rådet. Studieprogramrådet er etablert for studieår 2022/2023.				
3/22 Val av oppfølgingsform for studieprogrammet	Vedlegg: Valg av oppfølgingsform Rulleringsplan – ekstern sensor:	Studieprogramrådet bes om å komme med innspill til valg av oppfølgingsform for studieprogrammet. <ul style="list-style-type: none"> • Ref.gr., eller Kullmøte • Dialogmøte, emnerapport • Anonym emneevaluering • Ekstern sensor 	Fagseksjonsleder innleder	20 min
Referat: Fagseksjonsleiar går gjennom evalueringsformer for studieprogrammet. Det er planlagt anonyme evalueringar i nokre emne. Student gir tilbakemelding om at det vanlegvis er låg svarprosent på evalueringar, desse bør gjennomførast i obligatorisk undervisning. Dersom det blir lagt ut ei kunngjering i Canvas er det ikkje mange som fangar det opp. Fagseksjonsleiar understrekar at evalueringane blir satt i samanheng med anna dialog med kullet. Fagtilsette tek med seg at evalueringar må komme før studentane er komne vidare på neste emne. Det kjem innspel om at dersom svarprosenten er				

låg så må det settast inn tiltak for å få opp svarprosent, og vurdere om evalueringa skal komme kjappare etter emne er gjennomført. Student gir innspel om at dersom det er «gevinst» koplå til å svare så kan svarprosent gå opp. Fag spelar inn at dette kanskje kan vere relevant inn mot 3. klasse som skal evaluere heile studieprogrammet når dei gjennomfører bacheloroppgåveemne. Fagseksjonsleiar tek med seg innspela i arbeidet med evaluering.

4/24 Status for studieprogrammet og kvalitetsarbeidet	Vedlegg PP fra Tableau Oppsummering av kvalitetsarbeidet i studieprogrammet?	Studieprogramrådet blir presentert for status på studieprogrammet knytt til: <ul style="list-style-type: none"> • Rekruttering og opptak • Gjennomstrømming, strykprosent og karakterfordeling <ul style="list-style-type: none"> • Emne-evalueringar • Bruk av digitale læringsformer i utdanningen 	Fagseksjonsleder redegjør for og innleder til diskusjon	20 min
--	--	---	---	--------

Referat: Det er gode søkjartal til bachelor i vernepleie. Det vart supplert inn ved studiestart, dette var også behov på mange utdanningar. Informasjon om tal studentar på utdanningar. Gjennomstrøyming er bra. Noko fråfall er medrekna.

Emneevaluering VPL200 og VPL210: får gode evalueringar, emne er relevant og interessant. Studentane er stort sett nøgde.

Praksisemna: det er vanskeleg å forstå læringsutbyttene for både studentar og praksisfeltet. Fag skal jobba vidare med læringsutbytta i emneplanrevisjonen som skal vere fullført 15. februar. Endringane som blir gjort her blir gjeldande for studieår 2023/2024. RETHOS-forskrifta er ny, og praksisemna er gjennomført i ny studieplan. Student gir innspel om at i praksis blir dei nøydd til å forhalda seg til læringsutbytta sidan dei skal lage praksisplan, då blir det tydlegare i desse emna.

Deltidsstudiet er samlingsbasert med digitale torsdagsundervisning. Utover i studiet ser fagseksjonen at det blir lågare oppmøte på dei digitale torsdagane. Student fortel at det er ulikt korleis studentane opplever dei digitale torsdagane, sidan livssituasjonen til studentane er ulik. Kan vere meir krevjande for dei studentane som jobbar og har familie å møte kvar torsdag. Haugesundstudentane opplever at dei blir litt nedprioritert fysisk på campus med tanke på rom og ressursar. Det er no tilsett to nye på sjukepleie Haugesund som skal jobbe inn mot deltid vernepleie i Haugesund. Det kan betre situasjonen at det er to stadlege i Haugesund, dei vil kjenne både ressursar og fysiske miljø som kan vere positivt.

Det er også kome tilbakemelding om at sidan dei digitale torsdagane er felles for Sogndal og Haugesund, så er det mange som loggar av når dei skal i break-outrooms. Dette fordi dei ikkje vil vere på gruppe med studentar dei ikkje kjenner. Det skal setjast inn tiltak slik at dette kan betrast.

Digitale læringsformer: Det er ulikt kva studentane ynskjer. Kull 2022 i Bergen er fysisk til stades på campus, noko som er positivt. Desse har ikkje hatt digital undervisning, kan vere det som spelar inn. Det er same erfaring i Sogndal. Bruk av digitale læringsformer kan føre til at studentane blir meir heime. 1. årsstudent fortel at i klassemøtet vart det gitt tilbakemelding om at dei ikkje ynskja digital undervisning då det er mykje tekniske problem med det. 3. årsstudent som har hatt mykje digital undervisning opplever at mange ikkje kjem på campus. Emne før sommaren var i fellesskap med Bergen, men trur ikkje det er bra, då blir det mykje digitalt. Studentar har sagt opp hyblar og er ikkje i Sogndal, dermed møter dei ikkje på campus. Er eit koronakull og det er nok vanskeleg å endre for fag. Fagseksjonsleiar fortel at det er fleire utdanningar som slit med oppmøte dersom det ikkje er obligatorisk. Det er vanskeleg å finne forklaringar på kvifor det er slik.

5/22 Status fra studentrepresentantene og praksis		Studentrepresentantene presenterer status/ orienterer fra sitt kull. Representant fra praksisfeltet orienterer fra praksisfeltet.		15 min
--	--	--	--	--------

Referat: Studentane syner til det som tidlegare er diskutert i møtet.

Representant frå praksisfeltet fortel at dei har student i praksis hjå dei, har vore positivt. Ynskjer gjerne at studentane søkjer seg til dei. Fortel at FO undersøker om vernepleiarar kan ta master i helsefag. Fagseksjonsleiar fortel at det jobbast med ein master i rettsmedisin – det er planlagt at eit emne skal opnast for vernepleiarar, dette emne vil bli om overgrep innan fagfeltet. Det er jo også tilbod om master i sosialvitskap, med studieretning miljøterapi som er retta mot vernepleiarane.

Representant frå Helse Bergen fortel at dei tidlegare også har hatt miljøpraksis hjå dei, kunne det vore aktuelt å tatt tak i att det? Fagseksjonsleiar meiner dette kunne vore aktuelt for den siste praksisen VPLP300. Fagtilsett meiner det også kan vere aktuelt i VPLP100. Vernepleiarar er aktuelle for stillingar hjå dei, og det syner att i utlysingar hjå dei. Konkurrera med sjukepleiarar om same stillingar. Er litt uro kring tilgangen kommunane får på vernepleiarane i bu-tiltak, vernepleiarane er viktige der også. Tal på bachelorutdanna i bufellesskap er nedgåande i kommunane. Fysteårsstudent fortel at det fyste

arbeidskravet var å intervju ein vernepleiar, og det var mange av intervjuobjekta som jobba på ulike stadar. Fagtilsett fortel at mange av studentane i avgangskullet 2022 begynte å jobbe i kommunale tenester. Det er eit nyansert bilete.

HVL har faste møter med praksisfeltet slik at dei skal ha struktur og god kontakt med praksisfeltet for å informere og kommunisere om praksis.

6/22 Orienteringer	Vedlegg PP SHOT undersøkelse og pressemelding	SHOT undersøkelsen Studiebarometeret	Fagseksjonsleder orienterer	15 min
<p>Referat: Hovudtrekka i SHOT-undersøkinga er at studentane i større grad slit med psykiske helseutfordringar enn før. Fag har fokus på korleis dei skal jobbe med klasse miljø og læringsmiljø, slik at HVL sine studentar har det bra.</p> <p>Studiebarometeret er nyleg sendt ut til 2. klasse studentar.</p> <p>Det er mange studentar som har søkt utveksling til Tanzania etter jul. Det er mykje som skjer i utdanninga med tanke på internasjonalisering.</p>				
7/22 Eventuelt Trainee Helse Bergen	https://www.finn.no/job/fulltime/ad.html?finnkode=278732112		Beate Kristin Lillehell	5 min
<p>Referat: Helse Bergen har lyst ut etter traineevernepleierar – det same som sjukepleiarar har hatt i mange år. Den som blir tilsett skal gå gjennom eit traineeprogram i to år. Det vil vere ei god start på ei vernepleiekarriere hjå dei. Søknadsfrist er 27.11. Dette er eit positivt tiltak.</p>				